

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Inge Reidar Kallevåg gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Sunnhordland Kraftlag. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det vart 14 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Innstillinga punkt 2-8 vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Fjellhaugen kraftverk.
2. Nedstraums inntaket frå Krokavatn vil Hordaland fylkeskommune av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, inngrepsfrie naturområde og friluftsliv rår til ein monaleg auke i vassføringa i sommarhalvåret slik at landskapskarakteren og opplevingsverdien vert teken i vare.
3. Av same grunn som i pkt. 2 bør NVE vurdere høgare sommarvassføring nedstraums inntaket frå Verahaugen.
4. Nedstraums inntaket frå Kvanngørðhorga vil Hordaland fylkeskommune rår til ein monaleg auke i vassføringa i sommarhalvåret slik at landskapskvalitetane i eit mykje brukt friluftsområde vert teken i vare.
5. Av omsyn til landskap og kulturminne bør det planlagde deponiet i Gaddaneskleivo flyttast til magasinet i Blådalsvatnet.
6. Av visuelle omsyn vil Hordaland fylkeskommune rår til kabling av ny 300 kV leidning i området mellom Staffivatn og Røytehølen.
7. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering, då potensialet for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som lågt. Området er i stor grad påverka av utbygging frå før og røygater/vassoverføringar vil i all hovudsak gå i tunnel.
8. Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekt automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.